



**Norske  
pengespel 2 0 0 4**

*Gaming in Norway*

**Statistikk over norske  
pengespel og lotteri**

*Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority*

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på

**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**

# INNHALD

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	16
Norsk Rikstoto	21
Prøvekonsesjonar på Internett og SMS	24
Nye plattformer for spel og betalingsformidling	26
Automatar	28
Bingo	33
Andre lotteri	38
English summary	42
Vedlegg	44

### **Automatveksten heldt fram**

Den fullstendige årsstatistikken for 2004 viser at nordmenn satsa 40,8 milliardar kroner på pengespel. Dette er ca 3,3 milliardar kroner meir enn året før. Auken kom i hovudsak på gevinstautomatar.

Bruttotalet på 40,8 milliardar kroner omfattar lotteri og pengespel som er lovlege. I tillegg vart det satsa pengar på internasjonale nettspel som ikkje er omfatta av denne statistikken. Det reelle talet for kva nordmenn spelar for ligg såleis ein god del høgare.

Lotteri- og stiftelsestilsynets statistikk viser også at det i 2004 gjekk tilbake vel 29,3 milliardar kroner i form av gevinst til spelarane. Netto omsetning, det som vart tapt på lotteri- og pengespel, var såleis vel 11,5 milliardar kroner. Dette er ein auke på nærare 600 millionar kroner frå året før.

Kvar norske innbyggjar satsa i fjor 8 891 kroner på lovlege pengespel. Dette er ein auke på nærare 700 kroner pr norske statsborgar. Tek vi høgde for gevinstar, viser statistikken at alle nordmenn i gjennomsnitt i fjor tapte 2 507 kroner på pengespel.

I 2004 tilførte lovlege lotteri og pengespel gode formål 5,4 milliardar kroner. Dette er ein auke på 55 millionar kroner frå året før. Automatmarknaden åleine tilførte humanitære og samfunnsnyttige føremål over to milliardar kroner.

Pengespel på Internett aukar for tida sterkt. På bakgrunn av undersøkingar som Opinion har gjennomført for Lotteri- og stiftelsestilsynet, har vi rekna ut at nordmenn satsa om lag 1,8 milliardar kroner på utanlandske nettstader i 2004. Vi reknar med at dette er eit konservativt estimat.

Lotteri og stiftelsestilsynet takkar med dette for den samarbeidsviljen som aktørar i den norske pengespelmarknaden viser under vårt statistikkarbeid. Utan denne velviljen ville det ikkje vore mogleg å utarbeide eit komplett oversyn over norske pengespel.

*Førde, desember 2005*

*Atle Hamar  
Direktør*

## Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2004 omsett for 40,8 milliardar kroner. Av dette gjekk 29,3 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 11,5 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

### Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2004

År 2004	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for) <sup>2</sup>	40 827	4 877
Gevinst	29 316	3 502
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	11 511	1 375

År 2004	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	8 891	1 062	2 507	299
Per innbyggjar 15 år og eldre	11 088	1 325	3 126	373
Per husstand <sup>4</sup>	20 449	2 443	5 766	689
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>		4,98%		1,40%

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 8 891 kroner i 2004.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar ha lagt igjen 2 507 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,40 %. Tilsvarende prosent i 2003 var 1,44 %.

<sup>1</sup> Middelkurs 2004 frå Norges Bank 8,3715.


<sup>2</sup> For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt, ikkje er medrekna.

<sup>3</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 31/12-2003 og 31/12-2004.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,3 (Statistisk årbok (SSB)).

<sup>5</sup> Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger. Inntekter, utgifter og sparing.»  
Disponibel inntekt 820 454 millionar kroner.

### Brutto omsetning i millionar kroner i 2004



I 2004 spelte nordmenn for 40,8 milliardar kroner. Om lag 64% blei spelt på gevinstautomatar<sup>6</sup>. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn samla 8,8 milliardar, og i tillegg i overkant av 0,8 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for i overkant av 2,6 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar er det bingo, lotteri, Internett-spelet *tivoli.no* og SMS-spelet *SMS.jackpot* som utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 2 milliardar, der entreprenørbingoen utgjer størsteparten, vel 1,6 milliard inkludert sidespel i bingo (elektroniske<sup>8</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 0,32 milliard.

I det tredje driftsåret hadde Internett-spelet *tivoli.no* ei omsetning på 21,9 millionar, medan SMS-spelet *SMS.jackpot* omsette for 2,4 millionar.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 466 millionar kroner<sup>9</sup>. For lokale og regionale lotteri<sup>10</sup> estimerer vi omsetninga til 100 millionar kroner.

Samla brutto omsetning auka frå 37,5 milliardar kroner i 2003. Diagrammet syner også omsetninga tilbake til 2001, og då ser vi at endringa (veksten) også i 2004 var størst for automatane.

<sup>6</sup> Beløpet er utan verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt.


<sup>7</sup> Vi har i tillegg registrert og estimert om lag 29 millionar i omsetning på underhaldningsautomatar.

<sup>8</sup> Bingoautomatar og databingo.

<sup>9</sup> Omsetninga 466 mill er inklusiv 12 mill i andre inntekter enn loddsal.

<sup>10</sup> Mindre lotteri, med løyve til lykkespel, er medrekna i bingoomsetning dersom dei er sidespel i bingo, men ikkje basar og tivoli.

## Samandrag



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 28 % av marknaden. Tilsvarande marknadsdel i 2003 var 30 %, og 38 % i 2002.

### Gevinstar og pengepremiar i 2004

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	8 805	4 604	4 200	52 %
Norsk Rikstoto	2 623	1 721	902	66 %
Extra – stiftelsen Helse og Rehabilitering	812	406	406	50 %
Automatar *	26 034	21 074	4 961	81 %
Bingo med entreprenør*	1 642	1 214	428	74 %
tivoli.no/SMS.jackpot	24	20	4	84% <sup>11</sup>
Landslotteri	466	66	401	14%
Bingo utan entreprenør**	320	190	130	59%
Lokale/regionale lotteri**	100	20	80	20%
<b>Totalt</b>	<b>40 827</b>	<b>29 316</b>	<b>11 511</b>	<b>72%</b>

\*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar.

For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

\*\*\*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 29,3 milliardar kroner av innsatsen på 40,8 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå automatar (81 %) tivoli.no (86 %) og entreprenørbingo (74 %).

For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt.


For lotteri bokfører ein ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. For vinnaren kan premien ha høgare verdi enn det som kjem fram i rekneskapen. Lotteri kan oppnå rabattar ved kjøp av premiar, og til mindre lotteri er gjerne premiar gitt som gåver utan at dette går fram av rekneskap.

<sup>11</sup> Gevinstprosent tivoli.no er 86 %, for SMS.jackpot 61 %.

## Samandrag

Sidan gevinstprosenten er relativt høg for gevinstautomatar og for fleire andre spel frå private entreprenørar, er ikkje skilnadene mellom marknadsdelar så store når ein ser på netto omsetning, men også etter at gevinstane er utbetalt har automatane størst netto omsetning.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2004



Automatane hadde størst netto omsetning (43 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 44 % av marknaden i 2004. I 2003 var deira samla marknadsdel 45 %. I 2002 var den 51 %.

### Fordeling til formål og administrative kostnader i 2004

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill kr	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	
Norsk Tipping	4 200	2 334	56 %	1 866	44 %	
Norsk Rikstoto	902	453	50 %	449	50 %	
Extra	406	199	49 %	129	32 %	
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		78	19 %			
Automatar	4 961	2 008	40 %	2 953	60 %	
Bingo med entreprenør	428	47	11 %	380	89 %	
tivoli.no/SMS.jackpot	4	1,6	40 %	2,4	60 %	
Landslotteri	401	110	27 %	291	73 %	
Bingo utan entreprenør	130*	100*	77 %	30*	23 %	
Lokale/regionale lotteri	80*	70*	88 %	10*	13 %	
<b>Totalt</b>	<b>11 511</b>	<b>5 401</b>	<b>47 %</b>	<b>6 110</b>	<b>53 %</b>	

\*) Estimerte og avrunda beløp




## Samandrag

Formåla sine inntekter utgjorde totalt 5,4 milliardar kroner. Største del av inntektene (2,33 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (56 %). Også Norsk Rikstoto hadde ein forholdsvis stor prosentvis del (50 %, eller 453 mill).

Automatane bidrog også med ein stor del til formåla (2 mrd). I 2004 utgjorde dette 40 % av netto omsetning. Tilsvarende del i 2003 var 37 %.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For dei andre utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning. Minst prosentvis del til formåla hadde entreprenørbingo (11 % eller 47 mill).

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader<sup>12</sup> utgjorde totalt 6,1 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (nær 3 mrd) skriv seg frå automatane der ein også har ein forholdsvis stor prosentvis del kostnader (totalt 60 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Tipping (nær 1,87 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,45 mrd), men her var den prosentvise delen forholdsvis mindre (høvesvis 44 % og 50 %).

Blant dei private spela utgjorde administrative kostnader for bingo med entreprenør 89 % av netto omsetning, landslotteri 73 % og automatatar 60 %.

Kor stor del av kostnadene som gjekk til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri der vi ikkje har slike tal kan det også vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv.

<sup>12</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

## Samandrag

Netto omsetning i 2004 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnehavar Mill kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	4 200	639	15%
Extra	406	61	15%
Norsk Rikstoto	902	154	17%
Automatar	4 961	988	20%
Totalt	10 469	1 842	18%

Frå desse spela gjekk over 1,8 milliard kroner, eller 18 % av netto omsetning, til kommisjonærar eller lokalinnehavarar. Dei største beløpa kom frå omsetninga til automatane og Norsk Tipping. I prosent fekk tredjepart mest frå automatomsetninga.

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 21,6 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der 2,4 % av innsatsen kom via Internett.

### Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2004

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2004	Mill kr	Prosent
Idrett	1 923	36 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 200	22 %
Musikk/kultur/fritid	83	1,5 % *
Hest/hestesport	453	8 % *
Helse	583	11 % *
Humanitær	932	17 % *
Diverse	45	0,8 % *
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	170	3 %
Totalt	5 401	100,0%

\*) I tillegg får formåla delar av 170 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3%).

#### Idrett (1 923 millionar \*)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 200 mill), estimert automatinntekt (671 mill), entreprenørbingo (27 mill), frå landslotteri (25 mill) og SMS.jackpot (148 000). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

#### Kultur og fritid (1 283 millionar \*)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (800 mill) eller som løyving frå Regjeringa (400 mill).

I tillegg er det om lag 83 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar 72 mill, entreprenørbingo 8 mill og landslotteri 4 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

#### Hest/hestesport (453 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

## Samandrag

### Helse (583 millionar \*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Den Norske Kreftforening, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 199 mill som stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 334 mill frå automatar, 45 mill frå landslotteri, 4 mill frå entreprenørbingo, 0,8 mill frå tivoli.no og 111 000 frå SMS.jackpot. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

### Humanitær (932 millionar \*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningsselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 903 millionar. Røde Kors og Redningsselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 23 mill, entreprenørbingo med 5 mill, tivoli.no med 0,5 mill og frå SMS.jackpot med 37 000. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### Diverse organisasjonar (45 millionar \*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.


Inntektene kom frå automatar (28 mill), entreprenørbingo (4 mill), landslotteri (13 mill) og SMS.jackpot (74 000).

### Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot, og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot pengespelproblem. Dei overordna målsetjingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven pengespel.

### Uspesifiserte inntekter (170 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri. Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at i overkant av 40 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.



## Samandrag

### Endring frå år 2003

I 2004 fekk formåla 55 millionar meir enn i 2003.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2003		2004		Endr. frå 2003	
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Idrett	1 813	34%	1 923	36%	110	6%
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 200	22 %	1 200	22 %	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	89	2 %	83	2 %	-6	-7 %
Forsking (statsbudsjettet)	300	6 %	0	0 %	-300	-100 %
Hest/hestesport	410	8 %	453	8 %	43	11 %
Helse	538	10 %	583	11 %	45	8 %
Humanitær	794	15 %	932	17 %	138	17 %
Diverse	52	1 %	45	1 %	-7	-13 %
Uspesifisert og inngår i formål ovanfor	150	3 %	170	3 %	20	13 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd			12	0,2%	12	ny
Totalt	5 346	100%	5 401	100%	55	1%

Idretten og kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått like mykje frå tippemidlane i 2004 som i 2003, medan forskinga ikkje lenger mottek midlar frå Norsk Tipping. Auken i samla inntekter for idretten skuldast hovudsakleg auke i inntekter frå gevinstautomatar.

Tabellen syner ein liten reduksjon for mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid.

Hestesporten fekk auka sine inntekter i 2004 samanlikna med 2003. Dette heng saman med auka omsetning hos Norsk Rikstoto.

Humanitære organisasjonar fekk også i 2004 ein forholdsvis stor auke i sine inntekter (17 %). Auken kan forklarast med auka inntekter frå gevinstautomatar. Ser ein bort frå inntekter som vi ikkje har spesifisert, som humanitære organisasjonar også kan ha inntekt frå, utgjør automatinntekter 97 % av lotteriinntektene i denne kategorien (903 av 932 millionar).

Helseorganisasjonane har òg hatt ein viss auke. Også her er det automatinntektene som bidreg.

Diversekategorien har hatt reduserte inntekter. Dette skuldast mest reduksjon i estimerte inntekter frå gevinstautomatar.

Midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtferd er nytt frå 2005. Dette vart fordelt frå Norsk Tipping sitt overskot for 2004.

## Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2004 med 2003, 2002 og 2001. Sidan einskilde spel har ulike datagrunnlag desse åra, er grunnlaget for samanlikning ikkje alltid like godt. Dette vert kommentert der det er aktuelt.

### Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	40 827	9 %
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	8 520	9 664	10 926	11 511	5 %

Brutto omsetning har i 2004 auka med 9 % frå 2003. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Dette skuldast at ein større del av omsetninga gjekk gjennom spel der gevinstprosenten er høgare.

Frå 2002 til 2003 var veksten i brutto omsetning 24 %.

### Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	8 805	-1 %
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	4 200	1 %

Norsk Tipping hadde ein liten reduksjon i brutto omsetning og liten auke i netto omsetning. Forskjellen skuldast m.a. reduksjon i omsetninga på oddspel med høgare gevinstprosent og samla ein auke omsetning på spel der gevinstprosent er lågare.

I 2003 hadde Norsk Tipping om lag uendra brutto omsetning samanlikna med 2002.

### Extra

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	746	794	822	812	-1 %
Netto omsetning	373	397	411	406	-1 %

1 % reduksjon både for brutto og netto omsetning. I 2003 var det ein auke på 4 %.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	2 623	9 %
Netto omsetning	888	829	810	902	11 %

Rikstoto har hatt ein auke på 9 % i brutto omsetning og 11 % i netto omsetning.

I 2003 hadde Rikstoto ein reduksjon i brutto omsetning på 3 % samanlikna med 2002.

### Gevinstautomatar

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	26 034	14 %
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	4 961	10 %

Også i 2004 har bruttoomsetninga for gevinstantomatar auka, men ikkje så mykje som i 2003 då auken var 48 %.

At auke i brutto omsetning er større enn for netto omsetning skuldast at vi for 2004 har fått innrapportert ein noko høgare gevinstprosent enn i 2003.

## Endring i omsetning

For 2004 er 80 % av brutto omsetning rapportert og estimatdelen utgjør 20 %, der vi legg til grunn 80,95% som gevinstprosent. Viser til vedlegg for feilmarginar.

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1 642	2 %
Netto omsetning	370	395	411	428	4 %

Entreprenørbingo har totalt hatt ein liten vekst i omsetninga, og veksten er størst for netto omsetning.

I 2003 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 1 % for brutto omsetning.

### tivoli.no/SMS.jackpot

Tal i millionar kroner	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	36,4	13,0	24,3	88 %
Netto omsetning	1,8	3,0	4,0	32 %

Desse to spela er seinare i rapporten presenterte kvar for seg. Det er spesielt endringar hos tivoli.no med høgare gevinstprosentar som bidreg til skilnaden i endring for brutto og netto omsetning. Begge spela hadde i 2004 ein auke både i brutto og netto omsetning.

### Landslotteri

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	Endring 2003-2004
Brutto omsetning	493	454	531	466	-12 %
Netto omsetning	419	387	441	401	-9 %

Landslotteri har det siste året hatt ein reduksjon i omsetninga på 12 %. For 2004 har vi med 48 lotteri, medan vi i 2003 registrerte 60. Store deler av reduksjonen kan forklarast med at vi for 2003 rekna med omsetninga frå to store lotteri frå same organisasjon. Auken i 2003 og reduksjonen i 2004 er difor ekstraordinære.

I 2003 hadde landslotterier ein auke i brutto omsetning på 17 %.

### Andre spel/lotteri

Omsetning i 2004 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Sidan vi har nytta ulike måtar for estimat åra i mellom blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå år til år.

## Endring i omsetning

---

<b>Bingo utan entreprenør</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
Tal på løyve gitt av politiet	1 500	1 200	1 050	1 100

Lotteri- og stiftelsestilsynet  
sitt estimat for omsetning<sup>13</sup>:  
(brutto omsetning)

	290 mill kr	320 mill kr	310 mill kr	320 mill kr
--	-------------	-------------	-------------	-------------

Totalt syner tal frå politiet og lotteriregisteret no eit forholdsvis stabilt tal på lag som arrangerer bingo utan entreprenør. I berekninga inngår også omsetning frå eventuelle sidespel.

<b>Lokale / regionale lotteri</b>	<b>2001</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>
Tal på meldingar motteke av politiet:	2 500	3 000	2 950	3000

Tal på løyve gitt av politiet:	380	170	150	150
--------------------------------	-----	-----	-----	-----

Lotteri- og stiftelsestilsynet  
sitt estimat for omsetning<sup>14</sup>:  
(brutto omsetning)

	100 mill kr	110 mill kr	100 mill kr	100 mill kr
--	-------------	-------------	-------------	-------------

Totalt sett også her eit inntrykk av stabile tal frå 2003 til 2004.


---

<sup>13</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

<sup>14</sup> Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill (sjå vedlegg for berekningsmåte)

## Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 8,80 milliardar kroner i år 2004<sup>15</sup>. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,81 milliard.<sup>16</sup>



65 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto og Joker). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 76 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 24 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane. I 2003 stod sportsspela for 27 % av omsetninga.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Mill kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	5 679,8	65 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 096,6	24 %
Skrapelodd: Flax	1 023,3	12 %
Automat (Multix)	5,0	0,1 %
<b>Total brutto omsetning</b>	<b>8 804,7</b>	<b>100 %</b>

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Multix prøveprosj.	Totalt
Total brutto omsetning	5 679,8	2 096,6	1 023,3	5,0	8 804,7
Totalt til gevinst	2 839,9	1 240,0	521,8	2,6	4 604,3
Total netto omsetning	2 839,9	856,6	501,5	2,4	4 200,4

Omsetning og gevinst - i prosent av brutto omsetning	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Multix prøveprosj.	Totalt
Total brutto omsetning	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Totalt til gevinst	50 %	59 %	51 %	52 %	52 %
Total netto omsetning	50 %	41 %	49 %	48 %	48 %

<sup>15</sup> I beløpet inngår omsetnad frå gevinstautomatane som Norsk Tipping hadde utplassert i pilotprosjekt veke 35 til 49. Brutto omsetnad her utgjorde 5 millionar.

<sup>16</sup> Samla omsetning gjennom NT var difor 9,62 milliardar i 2004.



## Norsk Tipping AS og Extra

---

Totalt gjekk 52 % tilbake til spelar som gevinst. 48 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgast prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 65. For den tradisjonelle tippekupongen var gevinstprosenten 50.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har stort sett vore stabilt også i 2004, frå 3 840 (1 jan) til 3 847 (31 des).

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnett (8 590 mill). Våren 2001 starta eit prøveprosjekt med spel via Internett, og våren 2002 kom Internettkanalen i ordinær drift. I 2004 spelte nordmenn for 215,1 millionar på NT sine egne spel<sup>17</sup> over Internett (103,6 mill på Tipping og Odds, og 111,5 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

### Extra – eit spel for stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegner av stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan helse, rehabilitering og forskning.

I 2004 vart det spelt Extra for 812 millionar kroner. Gevinstprosenten var 50.

Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Brutto omsetning	812,3	100 %
Til gevinst	406,1	50 %
Netto omsetning	406,2	50 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 14,1 millionar av samla innsats via Internett i år 2004.

---

<sup>17</sup> Extra kjem i tillegg med 14,1 millionar.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

#### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 200 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	2 334,2	56 %
Til Norsk Tipping AS	1 227,3	29 %
Til kommisjonær	638,9	15 %
Sum = netto omsetning	4 200,4	100%

Reell fordeling frå Norsk Tipping til formål var noko høgare enn vist her (2 400 millionar til overskotsformåla og 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåttferd). Selskapet inntektsfører også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2004 utgjorde operatørgodtgjersla 77,8 millionar.

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 56 % til formåla. Tilsvarande andel i 2003 var 63 %.

#### Fordeling til formål

2 400 millionar kroner<sup>18,19</sup> vart fordelt til formåla idrett og kultur. 1 200 mill til idrett og 1 200 mill til kultur.

For kultur blei 800 mill tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 400 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 160 mill, *Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 120 mill og *Frifondordningen* 120 mill), jf St.prp.nr. 1 (2005-2006) Kultur og kyrkjedepartementet s. 19.


For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet si pressemelding 29. april 2005.

Fordeling av tippemidler til idretten	mill kr	Frå einsskilde underpostar	mill kr
Idrettsanlegg	665,5	Idrettsanlegg i kommunane	596,0
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	349,0	Grunnstøtte særforbund	130,0
Tilskot foreningar	120,0		
Spesielle aktivitetar	36,7	Antidopingarbeid	22,7
Forsknings- og utviklingsarbeid	23,6	Idrettsforskning	15,0
Nasjonalanlegg/ Spesielle anlegg	5,3		
Totalt	1200,0		

Det meste av idretten sine tippemidler (84,5 %) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité (hhv. 55,5 % og 29,1 %). Diagrammet på neste side viser prosentvis fordeling.

<sup>18</sup> I tillegg gjekk 12 mill til tiltak mot uheldig speleåttferd.

<sup>19</sup> 2 334,2 mill frå egne spel + 77,8 mill frå operatørgodtgjersle Extra.



### Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine eigne spel fekk kommisjonærar 15 % av netto omsetning, i alt 638,9 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 699,5 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 843 kommisjonærar<sup>20</sup> i 2004. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 182 000 kroner medrekna Extra.

### Andre nøkkeltal for Norsk Tipping

	Mill kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 296,0
NT sine samla netto kostnader <sup>21</sup>	1 158,9
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	137,1

Ved slutten av året var det halde tilbake 137,1 millionar i investeringsfond. I 2003 blei det halde tilbake 165,9 millionar.

### Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 406,2 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (stiftelsen Helse og Rehabilitering)	199,1	49 %
Til Norsk Tipping AS	146,5	36 %
Til kommisjonær	60,6	15 %
Sum = netto omsetning	406,2	100 %

Til stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 199 millionar eller 49 % av netto omsetning, noko som er same prosentvise andel som i 2003.

Ein del av overføringa til NT var operatørgodtgjersle, og var ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2004 utgjorde dette 77,8 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett og kultur). Dette utgjorde 19,2 % av Extra si netto omsetning.

<sup>20</sup> Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

<sup>21</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel.



### Fordeling til formål i år 2004

Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd forutan funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 205 millionar fordelt på 642 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill kr	Prosent
Førebygging	60,1	32,3%
Forsking	66,0	35,5%
Rehabilitering	60,0	32,2%
Sum	186,1	100,0%
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	18,6	
Totalt	204,7	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2004 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.



## Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var vel 2,6 milliardar kroner i år 2004.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	2 622,9	100 %
Totalt til gevinst	1 721,0	66 %
Total netto omsetning	901,9	34 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Einskilde spel kan også spelast via telefon (kontofon) eller mobiltelefon (SMS), men omsetninga her var i 2004 forholdsvis liten (ca 7 millionar) og inngår nedanfor i kommisjonæromsetning.

Talet på kommisjonærar har også gjennom 2004 blitt litt redusert, frå 1 273 (1. jan) til 1 253 (31. des). Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner.

Størst omsetning, 78 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 10 %, medan Internett stod for nær 12 %. I 2003 var omsetninga over Internett nær 9 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær <sup>22</sup>	2 056,6	78,4%
Baner	263,3	10,0%
Internett	303,0	11,6%
Total	2 622,9	100,0%

<sup>22</sup> Inkl. 6,6 millionar i omsetning via kontofon eller SMS.

## Norsk Rikstoto

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 901,9 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	453,1	50 %
Avgift til staten	100,1	11 %
Til operatør (Rikstoto)	194,8	22 %
Til kommisjonær	153,9	17 %
Sum = netto omsetning	901,9	100 %

Til formåla gjekk det 453,1 millionar kroner eller 50 % av netto omsetning. Tilsvarande del i 2003 var 51 %.

Fordeling til formål	Mill kr	
V75 og storløp-premiar		42,2
Transporttilskot		2,0
Norsk Hestesenter		17,5
Det Norske Travelskap		41,9
Norsk Jockeyklubb		16,0
Bidrag avskrivning finans		16,6
Provisjon driftsselskap (banene)		316,9
derav drift løpsbaner <sup>23</sup>	179,7	
derav premiar til hesteeigarar	137,2	
Totalt		453,1

### Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.


Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottok driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.



### Statsavgift

Avgift til staten (100,1 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

### Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 154 mill eller 17 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere nær 22 %<sup>24</sup> av netto omsetning.

I snitt var det 1 263 kommisjonærar i 2004, og snittinntekta var 122 000 kroner

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	178,3
Andre inntekter	29,9
Samla kostnader	187,1
Årsresultat	21,1

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart 21,1 millionar kroner for 2004. Til samanlikning var det 8,3 millionar i 2003 og null i 2002.

<sup>24</sup> Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærleddet): 153,9 mill/(901,9 mill x 78,4 %)

## ▶ Prøvekonsesjonar på Internett og SMS

I 2002 starta to spel som fullt ut gjekk over nye elektroniske plattformer. Desse var *tivoli.no* og *SMS.jackpot*. Kultur og kyrkjedepartementet gav konsesjon til *tivoli.no* og Lotteritilsynet gav konsesjon til *SMS.jackpot*.

Spela fekk ikkje fornya konsesjonane sine, og opphørde frå 1. juli 2005. 2004 er såleis det siste heile driftsåret for desse to spela.

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto har i tillegg konsesjon til å formidle sine spel over Internett.

### **tivoli.no**

Spellet var det einaste i sitt slag i Noreg der ein utelukkande spelte over Internett. Betalingsformidlinga, overføring av innsats og eventuell gevinst gjekk også over Internett.

Spellet vart operert av *Norske Spill AS*, eit firma som no er eigd av Norges Røde Kors og Reitan Servicehandel.

Organisasjonane som mottok inntekt frå spelet i 2004 var<sup>25</sup>:

*Den Norske Kreftforening, Flyktninghjelpen, Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindforbund, Norges Handikapforbund, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.*

### **tivoli.no - nøkkeltal år 2004**

Brutto omsetning	kr 21 937 507
Gevinst	kr 18 914 629
Netto omsetning	kr 3 022 878
til operatør (drift)	kr 1 813 394
overskot til formål	kr 1 209 484
Formåla sin del av brutto omsetning	6 %
Formåla sin del av netto omsetning	40 %
Gevinstprosent	86 %

Frå spelet har organisasjonar motteke 1,2 million kroner som formålsinntekter, eller 40 % av netto omsetning.

I forhold til vår kategorisering av inntekt til ulike typar formål<sup>26</sup> vil fem av organisasjonane inngå i gruppa *helseorganisasjonar* og dei andre tre i gruppa *humanitære organisasjonar*.

Dette utgjør:

- kr 755 928 til helseorganisasjonar
- kr 453 557 til humanitære organisasjonar

<sup>25</sup> Desse utgjorde i 2004 «De 10 Humanitære AS».

<sup>26</sup> sjå vedlegg



## Prøvekonsesjoner på Internett og SMS

---

### SMS.jackpot

Spillet var åleine i Noreg om å tilby lotteri over SMS (tekstmelding).

Spillet vart operert av Norsk Restaurantcasinodrift AS. Dette spelet hadde 10 organisasjonar som overskotsmottakarar.

Organisasjonar med inntekt frå spelet var:

*Norsk forbund for svaksynte, Norges Svømmeforbund, Care Norge, Norges Håndballforbund, Miljøstiftelsen Bellona, MS Forbundet Norge, Norges Døveforbund, Norges Volleyballforbund, Norges Bordtennisforbund og Amnesty International.*

### SMS.jackpot - nøkkeltal år 2004

Brutto omsetning	kr	2 362 920
Gevinst	kr	1 435 380
Netto omsetning	kr	927 540
til operatør (drift)	kr	556 524
overskot til formål	kr	371 016
Formåla sin del av brutto omsetning		16 %
Formåla sin del av netto omsetning		40 %
Gevinstprosent		61 %

Formåla mottok totalt 371 016 kroner og frå vår kategorisering utgjør dette:

- kr 148 406 til idrettsorganisasjonar
- kr 111 305 til helseorganisasjonar
- kr 37 102 til humanitær organisasjon
- kr 74 203 til diverse organisasjonar

## Nye plattformer for spel og betalingsformidling

Totalt var det i 2004 fire aktører som tilbød spel over Internett eller SMS. I tillegg til Norske Spill AS (tivoli.no) og Norsk Restaurantcasinodrift AS (SMS.jackpot) gjaldt dette Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto.

Ved Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto er det innsats og eventuell gevinst som kan overført via Internett. Her blir det likevel spelt på same spel som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Hos alle operatørane oppretter spelarane ein form for *spelekonto*. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Operatørane har ulik praksis på kva premiebeløp som går til spelekonto og kva som går til spelars ordinære bankkonto. Spelar kan likevel alltid velje å overføre frå spelekontoen til eigen bankkonto, eller for SMS.jackpot bruke spelekontoen til kjøp av andre varer/tenester der *mobilhandel* er tilgjengeleg.

Dette betyr at det i brutto omsetning for alle spela inngår innsats finansiert med tidlegare gevinstar, utan at gevinsten først er utbetalt frå spelekonto.


<b>Spel på nye plattformer - brutto omsetning (mill kr)</b>	<b>År 2002</b>	<b>År 2003</b>	<b>År 2004</b>	<b>Endring frå 2003</b>	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	74,8	48 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	90,2	42 %
tivoli.no	36,1	11,8	21,9	10,1	86 %
SMS.jackpot	0,3	1,1	2,4	1,3	115 %
<b>Totalt</b>	<b>212,9</b>	<b>380,2</b>	<b>556,5</b>	<b>176,3</b>	<b>46 %</b>

I 2004 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 557 millionar kroner.

Dette beløpet er større enn kva spelarane har overført frå eigne bankkonti. På bakgrunn av tal/anslag frå operatørane utgjør innsats med bruk av gevinstpengar totalt om lag 35 % av brutto omsetning, eller om lag 190 av 557 millionar kroner.

Veksten i omsetninga utgjorde totalt 46 % for spel på desse elektroniske plattformene.

## Nye plattformer for spel og betalingsformidling



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Opinion AS gjennomførte for Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2004<sup>27</sup> har vi tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2004.

4,3 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 152 000 nordmenn over 18 år.

Ifølgje estimatet spelte nordmenn for om lag 2,4 milliardar kroner. 554 millionar vart satsa på dei lovlege norske nettstadene. Estimatet for utanlandske nettstader utgjorde dermed om lag 1,8 milliardar kroner. Vi vurderar dette estimatet for å vere nøkternt, mellom anna fordi vi ser at dei lovlege norske nettstadene hadde ein auke på 46 % medan estimatet for utanlandske nettstader utgjorde ein mindre auke med om lag 30 %.

<sup>27</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2004. 1000 personar over 18 år vart spurde kvar gong.

## Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo, og tal for desse blir omtala annan stad.

### Gevinstautomatar

Vi har data frå 137 automatentreprenørar som til saman hadde utplassert 15 624<sup>28</sup> gevinstautomatar per 31. desember 2004.

Reduksjonen er på om lag 950 automatar frå 2003 då vi rapporterte om 16 578 utplasserte automatar ved utgangen av året.

For 14 av dei mindre entreprenørane har vi ikkje fått tal for omsetning m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon<sup>29</sup> reknar Lotteri- og stiftelsestilsynet med at desse hadde utplassert 94 automatar per 31 desember 2004, noko som utgjer 0,6 prosent av samla automattal.

Vi viser til vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

### Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2004

Brutto omsetning (pengar inn) *	26 034 mill kr
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	21 074 mill kr
Netto omsetning	4 961 mill kr
til entreprenør	1 965 mill kr
til lokalinnhavar	988 mill kr
til formål (lag og organisasjonar)	2 008 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	8 %
Formåla sin del av netto omsetning	40 %
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	81 %

\* *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.*

Brutto omsetning er estimert til 26 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane. Verdi av gjenspel av gevinst som ikkje først er utbetalt, er difor ikkje medrekna.

Tilsvarende vart om lag 21 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, utan først å ha vore utbetalt, ville gevinstprosenten vore høgare. Men for kvar 10-kroning som er putta på ein automat, er 8 kroner fysisk betalt ut som gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. 4,96 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnhavarane.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal, men i tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

<sup>28</sup> Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldningsautomatar. Det inngår også 16 lottoautomatar (31. des 2004) etter forskrift om oppstilling av lotteriautomat. Entreprenørar som berre har hatt underhaldningsautomatar er ikkje medrekna i dette entreprenørtalet.

<sup>29</sup> Lotteriregisteret og tidlegare rapporterte tal.

## Automatar

### Talet på automatar og oppstillingsstader

Samla automattal for entreprenørar	1. jan 2004	31. des 2004	Endring	Prosent
> 500 automatar kvar 1. januar	10 881	9 945	-936	-9 %
< 500 automatar kvar 1. januar	5 610	5 679	69	1 %
Totalt	16 491	15 624	-867	-5 %

Tabellen viser ein samla nedgang på 867 automatar. Talet på reelt utplasserte automatar er noko lågare enn det som kjem fram i Lotteriregisteret som viser oppstillingsløyve.

1. januar 2004 var det fire entreprenørar<sup>30</sup> med meir enn 500 automatar kvar. Desse har samla redusert sin automatpark med 936 automatar (9 %). Talet på automatar hos dei andre entreprenørane har vore meir stabilt.

Frå innkomne data kan vi anslå fordeling av gevinstautomatar på ulike oppstillingsstader<sup>31</sup>:

Automatar per oppstillingsstad	Avrunda tal	Prosent	
31. desember 2004			
Daglegvareforretningar	2 900	19 %	35 %
Varehus/kjøpesenter	2 600	17 %	
Kioskar	4 200	27 %	41 %
Bensinstasjonar	2 200	14 %	
Servering/overnatting	2 200	14 %	24%
Andre	1 500	10 %	
Totalt	15 600	100%	100%

I overkant av ein tredjedel av automatane var plasserte i daglegvareforretningar eller varehus/kjøpesenter. Ein litt større del stod i kioskar og på bensinstasjonar. Dei resterande finn vi ofte på serverings- eller overnattingsstader.

I *andre stader* inngår ferjer, bingolokale, spelehallar, bowlinghallar osv..

Om lag 600 automatar stod i bingolokale.

Samanlikna med tidlegare oversyn ser vi einskilde endringar. Talet på automatar er noko redusert i daglegvareforretningar og kioskar.

Samlekategorien *andre stader* har størst reduksjon, men for bingolokale som også inngår i denne gruppa er talet heller auka frå om lag 550 til 600.

Tabellen syner elles ei mindre endring for varehus og bensinstasjonar.

Tabellen under er meint som ein indikator på utviklinga. Sidan tala er avrunda kan dei reelle endringane avvike noko frå det tabellen viser.

Oppstillingsstad	2003	2004	Endring
Daglegvareforretningar	3 200	2 900	- 300
Varehus/kjøpesenter	2 700	2 600	- 100
Kioskar	4 400	4 200	- 200
Bensinstasjonar	2 100	2 200	100
Servering/overnatting	2 200	2 200	
Andre stader	2 000	1 500	-500
Totalt	16 600	15 600	- 1 000

<sup>30</sup> Norsk Lotteridrift ASA, Røde Kors Automatene, Redningsselskapet og Spill og Tjenester AS.

<sup>31</sup> Entreprenørane har rapportert kor stor del av automatane (per 31.12) som stod på ulike oppstillingsstader. For 346 automatar er dette ikkje spesifisert, men vi har lagt til grunn prosentvis fordeling frå dei andre.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Opptalt og estimert beløp for netto omsetning ifølgje teljeverk er 4 961 millionar kroner. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 35 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetninga.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (lag og organisasjonar)	2 008	40,5 %
Til lokalinnhavar	988	19,9 %
Til entreprenør	1 965	39,6 %
Sum = netto omsetning	4 961	100,0 %

### Fordeling til formål

Totalt er 2 008 mill fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 40,5 % . Andel til formåla var 37,5 % i 2003. Lotteri- og stiftelsestilsynet berekna formålsinntektene til 1 691 mill i 2003, 1 224 mill i 2002 og 917 mill i 2001.

Vi viser under korleis beløpet for 2004 er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:


- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 13 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter:

Fordeling av automatinntekter	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (13 mill)		2) Fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Del av beløp som er estimert <sup>32</sup>
Idrett	595	30 %	671	33 %	11 %
Helse	300	15 %	334	17 %	10 %
Musikk/kultur/fritid	64	3 %	72	4 %	11 %
Humanitær	887	44 %	903	45 %	2 %
Diverse	25	1 %	28	1 %	11 %
Uspesifisert og estimert <sup>33</sup>	137	7 %			
Totalt	2 008	100 %	2 008	100%	7%

Oversikten er basert på spesifisering frå entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

<sup>32</sup> Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (124 mill) og estimat av 96 automatar (13 mill), totalt 137 mill eller 7 % av 2 008 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv eller der entreprenør i stor grad spelar for ein organisasjon (dette gjeld Røde Kors, Redningselskapet, NHF, Norges Blindforbund og Spill og Tjenester AS). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikkje har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

<sup>33</sup> Beløpet inneheld 124 mill uspesifisert frå entreprenørar og 13 mill fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.



Humanitære organisasjonar fekk mest frå automatane, estimert til 903 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningsselskapet. Estimert for 2003 var 757 millionar.

Idretten fekk også ein stor del. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 595 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 671 millionar. Inntekt i 2003 var berekna til 558 millionar.

For helseorganisasjonar har vi estimert ei samla inntekt på 334 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Den Norske Kreftforening. Viser elles til vedlegg for kategorisering av formål. Inntekta var i 2003 berekna til 267 millionar.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert 72 millionar, noko som er litt mindre enn berekninga for 2003 som var 74 millionar.

For gruppa *diverse* som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimert 28 millionar kroner. Her finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane.

### Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 1 965 millionar kroner. Dette utgjorde nær 40 % av netto omsetning. Alle kostnader som entreprenør elles måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 988 millionar. Dette utgjør nær 20 % av netto omsetning, noko som samsvarar med maksimumsandelen i forskrift.

## Automatar

### Gjennomsnittleg nettoomsetning per automat i 2004

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	309 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningsselskapet, NHF og Norges Blindforbund)	276 000
Totalt for private entreprenørar	327 000

Entreprenørar med eige formål hadde jamt over mindre omsetning per automat enn dei private. Om vi legg til grunn prosentvis del etter forskrift kunne dei private entreprenørane fordele større beløp per automat til seg sjølve, til formåla og til lokalinnhavarar.

### Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal gå til lotteriverdige formål. Difor går inntektene i utgangspunktet uavkorta til entreprenør og lokalinnhavar.

### Tal på underhaldningsautomatar

Tal frå 42 entreprenørar og andre eigarar av slike automatar utgjer totalt 989 automatar per 31. desember 2004. Dette er ein auke frå 2003 då tilsvarande tal var 801 automatar.

Ikkje alle desse automatane treng oppstillingsløyve frå politiet (t.d. biljardbord og dartspele), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap.

638 av automatane har oppstillingsløyve ifølgje eigarane eller Lotteriregisteret. Dette utgjer her 65 %.

### Omsetning i 2004

Registrert og estimert omsetning er totalt 29 millionar kroner. Dette er ein reduksjon frå 2003 då vi registrerte og berekna omsetninga til i alt 34 millionar.

Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	12	42 %
Til lokalinnhavar (ekskl. mva)	11	38 %
Mva	6	20 %
Sum = omsetning	29	100 %

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.



## Bingo

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo<sup>34</sup>. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve gitt av politiet og utval rekneskap frå 2004.

### Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på tal for 74 entreprenørar som til saman dreiv 118 bingolokale per 31. desember 2004. Talet bingolokale i entreprenørbingo er dermed redusert med 7 sidan utgangen av 2003 då talet var 125.

#### **Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2004**

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	1 642 mill kr
Gevinst *	1 214 mill kr
Netto omsetning	428 mill kr
administrativ kostnad	380 mill kr
overskot til formåla	47 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	11 %
Gevinstprosent	74 %

\*) *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt dette for elektroniske sidespel.*

Entreprenørbingo omsette for i overkant av 1,6 milliard kroner i år 2004. Til lag og organisasjonar vart det overført 47 millionar kroner eller 3 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 74 % og formåla sin del av netto omsetning er 11 %.

I 2003 utgjorde formåla sin del 55 millionar eller 13 % av netto omsetning.

Samanlikna med 2003 er totalomsetninga om lag uendra. Brutto omsetning i 2003 var 1 609 millionar og netto omsetning var 411 mill.

### Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

Bingoentreprenørar med sidespel i 2004	Tal	Prosent	Tal i 2003
Bingoautomatar	49	66 %	50
Databingo	32	43 %	25
Papirsidespel	23	31 %	26
Ingen sidespel	7	9 %	9
Tal entreprenørar totalt	74		78

<sup>34</sup> Det meste av talmaterialet er innhenta hos entreprenørar, men einskilde tal/nøkkelopplysningar har vi fått frå politiet, t.d. ved opphøyr, osb. For 5 mindre entreprenørar er omsetninga heilt eller delvis estimert, men då på grunnlag av tidlegare rekneskap og samtaler.

## Bingo

Elektroniske sidespel er mest utbreidd, og 49 entreprenørar oppgir at dei har bingoautomatar i 2004. Dette er om lag uendra frå 2003 då 50 rapporterte dette sidespelet. Også for papirsidespel er talet på entreprenørar stort sett stabilt, men for databingo ser vi noko fleire entreprenørar, og litt færre oppgir at dei ikkje har sidespel. Einskilde har fleire typar sidespel. Merk at dette er tal for entreprenørar og ikkje for bingohallar.

Det er 7 entreprenørar som ikkje har sidespel, men i staden for/i tillegg til kan entreprenørane også ha oppstilt ordinære gevinstautomatar<sup>35</sup>. 61 entreprenørar har slike automatar. Overskotet frå desse automatane går ofte til dei foreiningane som bingoane spelar for, men det er også bingoar som berre mottek den del av netto omsetning som går til lokalinnhavar.

### Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2004

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Gevinst prosent	Netto omsetning	Til formål
Hovudspel	970	701	72 %	268	
Sidespel:					
- bingoautomatar	496 *	391 *	79 %	105	
- databingo	168 *	117 *	70 %	51	
- papirsidespel	9	5	58 %	4	
Totalt	1 642	1 214	74 %	428	47

\*) *Delvis estimat*

Hovudspelet stod for det meste av omsetninga, men elektroniske sidespel hadde også ein stor del. Bingoautomatar har også gjennom 2004 auka noko i omfang. Per 31. desember 2004 var det oppgitt 688 bingoautomatar, medan tilsvarande tal i 2003 var 617. Denne auken synest likevel ikkje igjen i omsetninga. Også i 2003 vart netto omsetning på bingoautomatar rapportert til 105 millionar.

Ein god del av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Papirsidespel har lågaste del med 58 %. Elles ligg gevinstprosenten mellom 70 % og 79 %. Høgast gevinstprosent har bingoautomatar, og som for gevinstautomatar gjeld dette gevinst som er utbetalt.

Som tabellen viser fekk dei spelande lag og foreiningar totalt 47 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. Sidan ikkje alle entreprenørane spesifiserer inntekt til formål frå dei forskjellige spela, men berre kva dei totalt overførte, viser vi ovanfor berre inntekt til formåla frå bingospel samla.

### Omsetning og fordeling til formåla

Formålas samla andel frå hovud- og sidespel<sup>36</sup>, der dette er spesifisert:

	Av brutto omsetning	Av netto omsetning	Talet på entreprenørar
Hovudspel	1 %	4 %	59 av 74
Sidespel – totalt	5 %	27 %	52 av 67
derav bingoautomatar	5 %	30 %	37 av 49
derav databingo	6 %	24 %	25 av 32
derav papirsidespel	7 %	18 %	18 av 23
Totalt for desse og alle spel	3 %	11 %	59 av 74
Totalt for alle entreprenørar og alle spel	3 %	11 %	74

Tabellen viser at det prosentvis går meir til formåla frå sidespel enn frå hovudspel.

<sup>35</sup> Gevinstautomatar med løyve etter forskrift om oppstilling av gevinst og underhaldningsautomat.

<sup>36</sup> Tabellen viser samla prosentvis fordeling til formåla frå dei som har spesifisert beløp. I tabellen inngår 69 % av netto omsetning (295 mill) og 70 % av formåla sitt beløp (33 mill). Dette gir ein peikepinn på korleis ulike spel bidreg til formåla sine inntekter.

## Bingo

For å synleggjere i kronebeløp dei ulike spel sitt bidrag til formåla si samla inntekt har vi berekna korleis spesifiseringa kunne vore dersom alle entreprenørane hadde spesifisert formålsinntekter frå samtlege spel. Dette er gjort ved å sjå samla omsetning i dei forskjellige spela i samanheng med den prosentvise fordelinga framfor.

Spela sitt bidrag til formålas inntekter	Estimert beløp Mill kr
Hovudspel	9 – 12
Sidespel – totalt	35 – 38
derav bingoautomatar	25 – 29
derav databingo	7 – 11
derav papirsidespel	1/2 – 1
<b>Totalt og reelt beløp</b>	<b>47</b>


Berekninga synleggjer at det meste av formåla sine inntekter kom frå sidespela, samstundes som omsetninga var størst i hovudspelet.

Av den totale netto omsetning på 428 millionar kroner gjekk 47 millionar til formåla. Under viser vi korleis dette fordeler seg på ulike kategoriar av lag.

Bingoentreprenørane rapporterer at dei samla har spelt for 2 556 lag og foreningar i år 2004. Dette er ein nedgang frå 2003 då talet var 2 774.

### Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	27	56 %
Helse	4	9 %
Musikk/kultur/fritid	8	16 %
Humanitær	5	11 %
Diverse	4	9 %
Uspesifisert	0,02	0,03 %
<b>Totalt</b>	<b>47</b>	<b>100 %</b>



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet 27 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 8 millionar.<sup>37</sup>

<sup>37</sup> Sidan det berre er 0,02 millionar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar estimerer vi ikkje fordeling av desse.

## Bingo

---

### **Gevinstautomatar<sup>38</sup> i bingolokale**

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det i 2004 utplassert om lag 600 ordinære gevinstautomatar i bingolokala.

Totalt har 32 automatentreprenørar rapportert at dei har gevinstautomatar i bingolokale. 61 bingoentreprenørar oppgir at dei har gevinstautomatar i lokala sine.

På grunnlag av data frå automatentreprenørane har vi rekna ut nettoomsetninga til 114 millionar kroner<sup>39</sup> for dei automatane som stod i bingolokale. Vi legg til grunn at formåla her har same prosentvise inntekt som automatentreprenørane oppgir for verksemdene sine<sup>40</sup>, og lag og foreiningar vil då ha hatt ei inntekt på om lag 46 millionar frå desse automatane (40 %). Dette kom eventuelt i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.

Det er varierende praksis i høve til om desse inntektene går til dei same foreiningane som bingoen spelar for, t.d. i same spel i pott.

*Går inntektene til same foreiningar som bingoen spelar for?*

	<b>Tal automat- entreprenørar</b>	<b>Estimert inntekt til formåla</b>	<b>Prosent av inntekt</b>
<i>Alltid</i>	17	18 mill kr	40 %
<i>Som regel</i>	3	11 mill kr	25 %
<i>Av og til</i>	5	10 mill kr	23 %
<i>Sjeldan</i>	0		
<i>Aldri</i>	4	2 mill kr	4 %
<i>Ikkje svart</i>	3	4 mill kr	8 %
<b>Totalt</b>	<b>32</b>	<b>46 mill kr</b>	<b>100%</b>

Tabellen illustrerer at desse inntektene ofte gjekk til dei same foreiningane som elles fekk inntekt frå bingospela, men ikkje alltid.

---

<sup>38</sup> Einskilde er lottoautomatar.

<sup>39</sup> I 2003 var berekna omsetning 147 millionar. Reduksjonen på 33 millionar skuldast mellom anna at vi for 2003 fekk innrapportert omsetningstal to gonger for einskilde automatar frå to entreprenørar. Berekna omsetning og inntekt til formålet frå desse automatane vart difor for stor i fjor.

<sup>40</sup> Utgangspunkt er kvar einskild entreprenørs prosentvise fordeling til formål og at denne også er brukt for automatar i bingolokale.

### Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*.  
I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av løyve gitt av politiet, Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2004 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Nærare 1 100 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under.  
104 av desse er radiobingo og 1 er TV-bingo.

#### **Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2004**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	320 mill kr
Gevinst	190 mill kr
Netto omsetning	130 mill kr
administrativ kostnad	30 mill kr
overskot til formåla	100 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	31 %
Formåla sin del av netto omsetning	77 %
<u>Gevinstprosent</u>	<u>59 %</u>

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 320 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 100 mill kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til om lag 100 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere nær ein tredjepart, noko som er tilsvarande 2003.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot i overkant av 40 millionar kroner.

## Andre lotteri

I tillegg til automatspel og bingo har vi for 2004 registrert eller fått innrapportert om lag 3 200 ulike lotteri.

Dei fleste lotteri er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har òg gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

### Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2004 har vi fått innrapportert 48 slike lotteri (det var 60 i 2003).

I 2004 hadde Oslo politidistrikt 34 landslotteri og Hordaland hadde 4. I tillegg hadde 10 distrikt<sup>41</sup> gitt løyve til eitt lotteri kvar.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2004

Loddsal	455 mill kr
Eventuell anna inntekt <sup>42</sup>	12 mill kr
Samla inntekt	466 mill kr
<hr/>	
Gevinstkostnad	66 mill kr
Netto omsetning	401 mill kr
administrative kostnader	291 mill kr
overskot til formåla	110 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	24 %
Formåla sin del av netto omsetning	27 %
<hr/>	
Gevinstkostnad av brutto omsetning	14 %

Landslotteria omsette for 455 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med 12 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 466 millionar.

Frå 2003 har landslotteria hatt ei reduksjon i samla loddsal frå 525 millionar til 455 millionar. Dette skuldast hovudsakleg at ein organisasjon (LHL) i 2003 fekk medrekna omsetninga frå to lotteriløyve der begge hadde det meste av salsperioden i 2003.<sup>43</sup>

Samla gevinstkostnad i 2004 var 66 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 291 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 110 millionar. Dette utgjorde 24 % av brutto – og 27 % av netto omsetning. I 2003 var overskotet 31 % av netto omsetning.

Av landslotteria var 42 førehandstrekte/skrapelodd, medan 6 var etterhandstrekte.

<sup>41</sup> Agder, Asker og Bærum, Follo, Hedmark, Nordmøre og Romsdal, Romerike, Salten, Sør Trøndelag, Vestfold og Vestoppland.

<sup>42</sup> Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

<sup>43</sup> Ikkje alle landslotteri blir selt innanfor eit kalenderår. Lotteri- og stiftelsestilsynets praksis er å telje dei med i det året der dei har det meste av salstida.

## Andre lotteri

Landslotteri	Førehandstrekte	Etterhandstrekte	Totalt
Tal	42	6	48
Loddometning (mill kr)	450,5	4,0	454,5
Andre inntekter (mill kr)	11,7	0,0	11,7
Samla inntekt (mill kr)	462,2	4,0	466,2
Prosent av samla omsetning	99%	1 %	100 %
Overskot (mill kr)	108,6	1,4	110,0

Målt i omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri berre 1 %.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemsal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotteria kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

### Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>44</sup>	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	50,2	25,1	11 %	23 %	50 %
Helse	237,7	44,7	51 %	41 %	19 %
Musikk, kultur og fritid	7,8	4,0	2 %	4 %	51 %
Humanitær	97,2	22,9	21 %	21 %	24 %
Diverse	73,3	13,3	16 %	12 %	18 %
Totalt	466,2	110,0	100 %	100 %	24 %

Helseorganisasjonar hadde størst omsetning (51 % av heile marknaden). Dei hadde likevel mindre del av samla overskot (41 %). Kolonnen lengst til høgre syner prosentvis del til formål av brutto omsetning, og samla sett var den lågast for kategoriane helse (19 %) og *diverse* (18 %).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Musikk/kultur og fritid samt Idrett som fekk mest i overskot (51 % og 50 %).

### Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	44,5	19,3	25,1	43 %	57 %
Helse	201,5	156,8	44,7	78 %	22 %
Musikk, kultur og fritid	6,7	2,7	4,0	41 %	59 %
Humanitær	85,5	62,7	22,9	73 %	27 %
Diverse	62,4	49,1	13,3	79 %	21 %
Totalt	400,7	290,7	110,0	73 %	27 %

Administrative kostnader utgjorde 291 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, etc.

For einkilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I 9 rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 14 millionar.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølve sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

<sup>44</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.

## Andre lotteri


### Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Alle landslotteri omsette samla for mindre enn Flax, som i 2004 omsette for 1 023 millionar kroner. 42 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 451 millionar<sup>45</sup>.

#### Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke<sup>46</sup> 74 mill kr
- Redningsselskapet 58 mill kr
- Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet 33 mill kr
- Landsforbundet Mot Stoffmisbruk 27 mill kr
- Norges Astma og Allergiforbund 26 mill kr
- Norges Håndballforbund 25 mill kr
- Nasjonalforeningen for folkehelsen 22 mill kr
- Norsk Folkehjelp 21 mill kr



Denne delen av lotterimarknaden utgjorde i 2004 1 474 millionar kroner. Dette utgjør ein auke med 62 millionar frå 2003 då omsetninga var 1 412 millionar.

Samanlikna med 2003 har Flax ein auka marknadsdel frå 63 % til 69 %. Av landslotterier er det størst endring for helseorganisasjonane som har redusert sin del frå 22 % til 16 %.

<sup>45</sup> Eksklusiv 12 mill i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

<sup>46</sup> Foreløpige tall (ikkje reviderte)



## Andre lotteri

---

### Lokale/regionale lotteri

Til saman har politiet motteke meldingar eller gitt løyve til om lag 3 100 lokale og regionale lotteri i år 2004.

Nærare 3 000 er såkalla meldingslotteri, og i tillegg har om lag 150 lotteri fått løyve<sup>47</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

### Berekning for lokale/regionale lotteri

#### **Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2004**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	100 mill kr
<hr/>	
Gevinstkostnad	20 mill kr
Netto omsetning	80 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	70 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	70 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	88 %
<hr/>	
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteriar har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men alle typar lag og foreiningar sel slike lotteri.

---

<sup>47</sup> Arrangør av lotteri med omsetning under 100 000 trengde ikkje løyve, men melde frå til politiet. Lotteri med omsetning 100 000 eller meir trengde løyve frå politiet (Frå 2005 vart omsetningsgrensa auka til 150 000).

## English summary

In 2004, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 40.8 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 29.3 billion in prize money.


This left an expenditure of NOK 11.5 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

### Key figures on the gaming market in Norway

Year 2004	Million			
	NOK	EUR <sup>48</sup>		
Gross turnover (total wagered) <sup>49</sup>	40,827	4,877		
Prizes	29,316	3,502		
Net turnover (expenditure/loss)	11,511	1,375		
Year 2004	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>50</sup>	8,891	1,062	2,507	299
Per capita, 15 years and older	11,088	1,325	3,126	373
Per household <sup>51</sup>	20,449	2,443	5,766	689
Percentage of disposable income <sup>52</sup>	4.98%		1.40%	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 8,891 in 2004.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 2,507. This amounts to 1.40 % of the disposable income per household.



<sup>48</sup> Average rate of exchange 2004 as determined by Norges Bank: 8,3715.

<sup>49</sup> For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested before the prizes are paid out of the machines are not included.

<sup>50</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>51</sup> The average number of persons per household is 2.3. (Figures from Statistics Norway – Statistical year book)


<sup>52</sup> Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 820 454 million.

## English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 26.0 billion NOK.<sup>53 54</sup> In addition, 8.8 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and 0.8 billion on Extralotteriet, also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent 2.6 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

In addition to gaming machines, bingo, lotteries, internet game (1) and SMS-lottery (1) make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of near 2.0 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at 1.6 billion. Also included here are side games (electronic<sup>55</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.3 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at near 0.5 billion<sup>56</sup>. For the other lotteries we stipulate a turnover of approximately NOK 0.1 billion.



<sup>53</sup> Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

<sup>54</sup> In addition, a turnover of 29 mill. from entertainment machines.

<sup>55</sup> Bingo machines and online bingo.

<sup>56</sup> The turnover of 466 mill. includes NOK 12 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

### Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra<sup>57</sup> er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Automat- og bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteri- og stiftelsestilsynet. For dei som ikkje har svart har vi gjort estimat på grunnlag av tilgjengelege data.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, og det meste er henta frå entreprenørane sjølve. Av ulike grunnar er delar av talmaterialet for nokre mindre entreprenørar estimert frå opplysningar gitt av entreprenør, politi eller einskilde rekneskap.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap innhenta frå politiet eller organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteri- og stiftelsestilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2004 innsendt av politiet eller frå Lotteriregisteret eller organisasjonane si rekneskapsrapportering.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

### Gevinstautomatar

#### Berekning av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	4 792 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk opptalt + tillegg for avvik (0,713%))	135 mill
+ estimat for 94 automatar (112 (snittal) x 297 000)	33 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	4 961 mill
+ utbetalt gevinst (80,947% av brutto omsetning <sup>58</sup> )	21 074 mill
= estimert brutto omsetning	26 034 mill

#### Berekning av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i dei ulike gruppene delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + 31. desember)/2).

#### Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigerings» for det dei entreprenørane med eige formål har fordelt til eigen organisasjon.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.

<sup>57</sup> Talspelet Extra er operert av Norsk Tipping på vegner av stiftelsen Helse og Rehabilitering.

<sup>58</sup> Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut)

### **Feilmarginar**

#### Prosent utbetalt gevinst (80,947%)

For 20,9 mrd eller 80 % av omsetninga har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimater er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning.

Gevinstprosent redusert med 2 % gir 492 mill mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling. Auka med 2 % gir 608 mill større brutto omsetning og gevinstutbetaling.

Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

#### Avvik (0,708%)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ein auke på 0,5 % i avvik auke netto omsetning med om lag 0,9 mill.

### **Kategorisering av formål**

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

#### **Idrett/sport**

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### **Helse**

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### **Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar**

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

#### **Humanitær verksemd**

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### **Diverse organisasjonar**

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Bingoentreprenørar har fordelt pottspel på kategoriane.

### **Underhaldningsautomatar**

Gjennom Lotteriregisteret har vi kjennskap til 11 eigarar med i alt 47 automatar som ikkje har svart på spørjeskjema. For desse har vi estimert ei omsetning på grunnlag av snittomsetning for dei andre automatane. Totalt estimat utgjer 1 213 000 eller 4 prosent av samla omsetning.

For 15 eigarar manglar vi data om mva. eller andel til lokalinnehavar. Her har vi lagt til grunn samla prosentvis del for dei andre og prosentuert ut frå omsetningstalet. Slike estimat er gjort for 225 av 989 automatar.

### **Berekning for bingo med entreprenør**

Bingoautomatar: 18 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 31: 79 %.

Databingo: 5 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 27: 70 %.

Elles er omsetninga berekna for 5 mindre entreprenørar. Estimat er gjort på grunnlag av einskilde bingo rekneskap og opplysningar frå politi og entreprenør.

### **Berekning for bingo utan entreprenør**

På grunnlag av tidlegar berekningar og rapporteringar for 2004 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	940 000 <sup>59</sup>	220 000 <sup>60</sup>		
Samla gevinstprosent	47 %	67 %		
Overskot av brutto omsetning	44 %	25 %		
Tal løyve rapportert / frå Lotteriregisteret	105	981		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	99 mill	218 mill	317 mill	320 mill
Estimert gevinst	47 mill	146 mill	193 mill	190 mill
Estimert netto omsetning	52 mill	72 mill	124 mill	120 mill
Estimert overskot til formåla	43 mill	54 mill	97 mill	100 mill
Estimert brutto omsetning år 2004*	320 mill			
- Gevinst*	190 mill			
= Netto omsetning	130 mill			
Administrativ kostnad	30 mill			
Overskot*	100 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	31 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	77 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	59 %			

\*) runda til næraste 10 mill

<sup>59</sup> Snittberekning for 71 rekneskap (2004) kr 942 716,-.

<sup>60</sup> Snittberekning for eit utval (50) rekneskap (2004) kr 222 160,-.

### Landslotteri 2004 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Det frivillige Skyttervesen Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Norges Skotthyllforbund Sør Trøndelag Basketballkrets
<b>Helse</b>	Arbeidsmiljøskaddes Landsforening Foreningen for hjertesyrke barn Foreningen for Muskelsyrke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen Mot Stoffmisbruk Landsforeningen til støtte ved krybbedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norges Døveforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Stiftelsen Sofienlund
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	Norges Musikkorps Forbund * Norsk Bridgeforbund Norske 4H
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Flyktninghjelpen Kiwanis Club Tønsberg * Marys Venner Norsk Folkehjelp Redningsselskapet
<b>Diverse</b>	* Den indre Sjømannsmisjon Det Norske Arbeiderparti * Det Norske Misjonsselskap, region Nord-Norge Elevringen bibelskolen Bildøy Bergen Framtiden i våre hender IOGT i Norge Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund * Motorførernes Avholdsforbund ungdom * Motorførernes Avholdsforbund ungdom Norea Mediemisjon Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

\* er etterhandstrekt

### Bereknig for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekningar gjort frå 2004-rekneskap som politiet har sendt oss og rapporteringar for 2004 registrert i Lotteriregisteret reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	23 000 <sup>61</sup>	202 000 <sup>62</sup>		
Samla gevinstprosent (kostnad)	14 %	36 %		
Overskot av brutto omsetning	81 %	55 %		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 975	152		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	67 mill	31 mill	98 mill	100 mill
Estimert gevinst	9 mill	11 mill	20 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	57 mill	20 mill	77 mill	80 mill
Estimert overskot til formåla	54 mill	17 mill	71 mill	70 mill
Estimert brutto omsetning år 2004 (runda til næraste 10 mill)	100 mill			
- <u>Gevinst</u>	<u>20 mill</u>			
= Netto omsetning	80 mill			
Administrativ kostnad	10 mill			
Overskot	70 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	70 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	88 %			
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>20 %</u>			

---

<sup>61</sup> Gjennomsnittleg omsetning i 402 rekneskap registrert i Lotteriregisteret (2004) kr 22 504,-.

<sup>62</sup> Snittberekning av 82 rekneskap (2004) kr 202 125,-.











**Lotteri- og  
stiftelsestilsynet**

Postboks 800 • 6805 Førde  
Tlf. 57 82 80 00

